



Bryne kunstforening



Time kommune

Prosjektoomtale

G SANNING TVIL

Samtidskunst i Jæren Meieri med 26.1 – 17.3 2024

Elise Storsveen, Trond Hugo Haugen og Kine Lillestrøm

Kurator Jens Erland

«Sandheden- Sandheden, om den saa skal føre til Helvede!»

"Alt er «sant» og alt er «lygn», og sanning og lygn samanlagde er røynda, tilværet, det som me kan seia alt om, og som me ikkje kan seia noko om".

Desse sitata frå Arne Garborg er viktig refleksjonsbotn for den planlagde utstillinga G sanning - tvil i Jæren Meieri på Bryne 26.1 – 17.3 2024. Dei tre kunstnarane Elise Storsveen, Kine Lillestrøm og Trond Hugo Haugen utviklar sine kunstnarlege idear mot dette bakteppet og skal fylla 1100m2 særprega og genuint jærske industrilokale med arbeid som påkallar ny refleksjon om sanning og tvil. Kurator for utstillinga er keramikar og biletkunstnar Jens Erland. Han er meir enn vanleg interessert i både den kunstnarlege og samfunnsmessige arva etter Garborg, og vil bidra til å skapa ei utstilling i god Garborg-ånd med relevans for vår tid.

I 2024 er det 100 år sidan Arne Garborg døydde - utstillinga vil vera ei viktig markering for ein nasjonal kunstar med høg aktualitet.

Arne Garborg var oppteken av kunst og utvikla sitt eige kunstsyn. I «En tak til herr Collin skriv han blant anna: «Kunsten er menneskesjælens frie udtryk, gjennom den vil menneskene utjuble sin glæde, sin begeistring, sit mod; men gjennom den vil de ligeså klage sin sorg, sin nød, sin længsel, sin forvilelese. Kunsten er menneskelig, og ingenting menneskelig kan være den fremmed; selv «syge» sange synger den med ufortabelig ret.»

Bakteppe

I 2024 er det 100 år sidan Arne Garborg døydde. I 2001 var det 150 år sidan han blei fødd. Den gong vart det markert i heile landet, og på Bryne var det ei omfattande jubliumsutstilling med kjende kunstnarar, som på kvar sin måte tok pulsen på si samtid rundt årtusenskiftet. Bryne kunstforening og Time kommune vil på lauseleg vis knyta an til jubileet i 2001 med ei ny utstilling i 2024 som markerer 100 årsdagen for Arne Garborgs død.

Garborg tapar ikkje aktualitet, han målber sanningar og samstundes tvil som slår rett inn i samtida og diskusjonane som utspeler seg. Grunnrenteskatt – kven andre enn Garborg var det som på norsk hald fronta ideane som har inspirert det norske statsbudsjettet anno 2023. Me har tru på tankekrafta og tvisynet i Garborgs forfattarskap – det er inspirasjon der til endelaus kunstnarleg utfolding.

Det er som det er finmaska samband mellom Garborg og samfunnsaktuelle tema i 2023. Garborg kunne truleg med stor tyngd sklidd rett inn i debattane om sosiale medier, algoritimestyrde, informasjons-straumar og kunstig intelligens. Kunstnarane går inn i denne tematikken på eigne premisser, men i tett dialog med dei særprega utstillingslokala som også legg sine føringar.

Val av kunstnarar er gjort i samsvar med Garborgs kunstsyn om å fremja utfordrande samtidskunst. Elise Storsveen, Kine Lillestrøm og Trond Hugo Haugen er kunstnarar som i sin praksis står stødig i denne tradisjonen og har utvikla sine nyskapande kunstnarskap. Storsveen har vore aktuell den siste tida med utstillinga *Hetebølger* på

Vigelandmuseet, ei utstilling som har fått brei omtale i nasjonale media og anerkjenning gjennom gode meldingar. Kunstnarane som er representert i utstillinga står for ei motvekt til mykje av romantiseringa både Arne og Hulda Garborg har vorte utsett for. I forprosjektet som har fått støtte av Kulturdirektoratet, har kunstnarane besøkt Bryne og aktuelle Garborgstader og -historier på Jæren. Dei har gjort seg godt kjende med utstillingslokalet og dei særegne kvalitetane som det kan tilby. I forprosjektperioden har kunstnarane og kurator arbeidd med ideutvikling slik det kjem fram av vedlagde skisser.

Kunstnarar og kunstnarleg innhald

Elise Storsveen (født 1969) arbeider hovudsakeleg med collage og tekstil. Kunstnarpraksisen hennar dreier seg om å stilla seg lyttande til omgjevnadane og til å vri og venda på etablerte konsept og prinsipp. På denne måten nyttar ho seg av grunnleggjande spørsmål om form, materialitet og konstruksjon som verktøy for å kunna tilnærma seg tema som menneskekroppen, historiske hendingar og samfunnsaktuelle spørsmål om tida me lever i. Storsveen har dei siste åra arbeidd med store håndsdydde tekstil, sist vist ved Vigelandsmuseet i Oslo i separatutstillinga *Hetebølger*, samt skulpturar av isolasjonsplater i utstillinga *Et sted mellom 2D og 3D* i Kunstnerforbundet, sjå vedlagde portfolio.

Kine Lillestrøm (født 1977) sin kunstnariske praksis er knytt til ein interesse for rommet, både som maleri, arkitektur, sosial stad og landskap. Dette er særleg tydeleg i sjølvstendige verk kor utføringa er ei filosofisk tilnærming til arkitektoniske trekk og historikk som heng saman med rommet eller staden, sjå vedlagt portfolio. I sin kunstnarskap har ho lagt vekt på å kunne skapa kunst av lokale og kortreiste material, eller overskotsmaterial frå lokal verksemd. Dette vil også vil vera utgangspunktet hennar for denne utstillinga. Arbeidet kan ta opp i seg refleksjon rundt berekraft, naturressursar og jordvern, eller ta form som naturskildringar. Det nyliberalistiske tankesettet som pregar samtida og det naudsynte i å bidra til eit meir berekraftig samfunn er ulike inngangar til arbeidet med utstillinga. Garborg var inspirert av georgismen og fremja syn for rettferd og berekraft gjennom skattlegging av jord og -eigdomsverdiar. Ein annan inngang til utstillinga for Lillestrøm er særleg kjennskap til landskapet og samfunnet omkring Kolbotn i Østerdalen kor Garborg hadde lange opphald i fleire år. Østerdalen står fram som ein spanande kontrast til Jæren.

Trond Hugo Haugen (født 1975) arbeider med teikning, tekst, relasjonelle verk/sosiale prosessar og kunstnarstyrte strukturar. Til utstillinga vil han konsentrera seg om teikning i kol på tekstil og papir, som også inkorporerer tekst, som ei vidareføring av utstillinga *Å sjå deg i auga på Kunsthuset Kabuso* i 2019. Haugen er opptatt av at kunst kan starta ein samtale om tida vi lever i, og har fleire verk som reflekterer rundt politikk og historie, som kunstprosjektet *KA DÅ ITTEPÅ* (2005-2011), med Stavanger som europeisk kulturhovudstad, det nasjonale verket *Et Riksportrett* (2014) og enkeltarbeid som serien *Tegninger til et døgn*, (2014) og nyere *Historiefortelling* (2022), sjå vedlagt portfolio. Haugen har valt seg eit visuelt utgangspunkt i staden *Knudaheio*, diktarstova til Arne Garborg på Jæren. Der vil han i sommarhalvåret 2023 teikna autentisk interiør, eksteriør og gravstad med frottage-teknikk. Då vert underliggende konturar, mønster og relieff i materialet overført med kol til tekstil eller papir for vidare bearbeiding.

Tor Obrestad skriv om Garborg at han vrir og vrenger på setningane, sannkjenner og avkreftar sanninga i same andedrag. Det er mykje i Garborgs liv og skrifter som ikkje heng greip, som er sjølvmotseiande og dunkelt. Men dette er også grunnen til at det finns liv i dette stoffområdet som det er bryet verdt å granska.


No er det tre biletkunstnarar som skal granska sanninga og tvilen og kanskje spinna trådar mellom Garborgs epoke og vår samtid. Trond Hugo Haugen seier at tvil ber all god kunst i seg, gjennom kunstnaren sin tvil kan dei fleste kjenna seg kjenner igjen når kvardagen ikkje responderer med ambisjonane og arbeid og tvil sluker det meste.

Det verna bygget Jæren meieri har sterke visuelle kvalitetar som grip inn i tematikken og vert ein del av den. Materialrestane på veggane, dei ulike lysopningane, søylene, det delvis svarte taket, alt ber historier, her har sanningar og tvil blitt reflektert og absorbert av ulike flatekvalitetar. Biletkunstnarar som har sett desse roma har falle i stavar og fått fått lyst til å arbeide der umiddelbart. Veggene innerst i «asfaltrommet» ser mest ut som ferdige uttrykk og kunstnarane må gå ein delikat balansegang for å finna gode samhandlingsformer med vegger tak og golv. Alle dei tre kunstnarane arbeider både med format og uttrykk som vil passa som hand i hanske til desse spennande, men også krevande vilkåra som roma stiller. Det er allereie mulig å skimta konturane av Trond Hugo Haugens store papir med kolteikningar på. Like eins vil roma kunna by seg fram for Kine Lillestrøms visualitet og arkitektoniske

stunts. Elise Storsveens sitt uttrykkspotensial vil også få sjanse til å gå utover det me har sett før i møte med slike romkvalitetar og volum.



SKISSE PLASSERING
JÆREN MEIERI 2024
PR APRIL 2023



PUBLIKUM
INNGANG



ELISE STORSVEEN
MED STORE TEKSTILVERK



TROND HUGO HAUGEN
MED KULLTEGNINGER
PÅ TEKSTIL



KINE LILLESTRØM
MED STEDSPESIFIKK
VEGG- OG GULVSKULPTUR

